

## Sykehuskirken, preste- og samtaletjenesten

### KIRKEN er for tiden under ombygging!

Midlertidig kirkerom er Søsterhjemmets kapell som ligger helt sør i 1. etg. i det gamle sykehusbygget.

Det er vanligvis gudstjeneste med nattverd hver søndag kl 11:00, men er midlertidig stengt for gudstjenestebruk av smitterverns hensyn. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si ifra til personalet som formidler beskjed til presten.

### SAMTALER OG SJELESORG

**Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon.** Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selv sagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 2000. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

### SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «prestedtjenester»

*Hilsen sykehusprestene*

*Kristin Lødøen Hope, Karl Hjelmeland og John Kristian Rolfsnes*



**Haraldsplass**  
Diakonale sykehus



# Søndagshilsen

## Domssøndag - Kristi kongedag

### 22.11.2020



**Det er for tiden ikke gudstjenester i Sykehuskirken på Haraldsplass!**

**Fra TV skjermen på pasientrommet kan du høre gudstjenesteoverføring på NRK P1 kl 11:00. Mange lokale kirker og kirkesamfunn har også digitale gudstjeneste sendinger som kan streames på nett.**

## Domssøndag - Kristi kongedag

Bibeltekst fra dagen: Jesaja 57,14-16

14 Han seier:

Bygg, bygg, rydd veg!  
Ta bort kvar snublestein  
frå vegen til folket mitt!

15 Så seier han som er høg og opphøgd,  
han som tronar evig,

Den heilage er hans namn:  
I det høge og heilage bur eg  
og hos den som er knust og nedbøygd i ånda.  
Eg vil gje ånda liv hos dei som er bøygde ned,  
gje hjartet liv hos dei som er knuste.

16 For eg fører ikkje sak til evig tid  
og er ikkje harm for alltid.

Då ville ånda bli kraftlaus for mitt andlet,  
livspusten som eg har laga.



## Den nådefulle dommaren

Denne søndagen har fått eit dobbelt namn: Domssøndag og Kristi kongedag og handlar om at vi står til ansvar for våre liv overfor Gud. For mange er det ein skremmande tanke. For er det noko vi menneske fryktar, så er det å bli utstøytt, fordømt, ikkje akseptert. Vi fryktar kva andre menneske tenkjer og seier om oss. Og mange gonger er vi sjølve den strengaste dommaren.

Med tanke på at vi står overfor den veldige Gud blir alt sett på spissen og det kan bli heilt overveldande. Vi må vel alle erkjenne at vi ikkje er fullkomne og stilt overfor han som er høg og opphøgd, og bur i det høge og heilage blir vi uendelig små og verjelause. Ja, viss dette var alt som vart sagt om Gud så kunne det skremme vettet av dei fleste. Men søndagens tekst seier noko meir. Han som bur i det høge og heilage er ikkje ute etter å knuse oss. Tvert imot. Han tek bustad hjå den som er knust og nedbøygd for å gje ånda og hjartet nytt liv. For å reise oss opp.

Gud dømmar urett og ondskap. Og når dommen rammar oss er det for at vi skal sjå sant og rett på livet og på oss sjølve, og reise oss opp til nytt liv. Til teneste for sanninga og kjærleiken.

Gud veit om våre begrensingar. I ein annan bibeltekst står det at han kjem i hug at vi er støv. Gud er ein nådefull dommar. Det han framfor alt vil er å reise oss opp frå støvet.

God helg

Karl Hjelmeland

sjukehusprest